

RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2017/903

Påskeleir i Ulvik 2017 (Familiepåskeleir)

Gjennomføring:

KFUK-KFUM Bjørgvin og Bergen KFUK-KFUM Ynglingen samarbeider om å skipe til familiepåskeleir i Ulvik. Leiren er open for alle som ønskjer å melde seg på, det er ikkje krav om medlemsskap i KFUK-KFUM. Familieleiren er ein lang og viktig tradisjon i KFUK-KFUM, og har røter tilbake til 1960-talet, der første familieleir vart arrangert i 1968. Familieleiren vert arrangert kvart år frå onsdag før Skjærtorsdag til og med 1. påskedag på Brakanes hotell i Ulvik i vakre Hardanger.

Leiren er ein møteplass for familiar med programtilbod tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Teamet for leiren i 2017 var «Stå opp», inspirert av KFUK-KFUMs musikal «Stå opp». Temaet spegla både påskebodskapen om oppstoda, men også kva det tydar å stå opp for seg sjølv, kvarandre og våre medmenneske lokalt og globalt. Leirtemaet er ein raud tråd gjennom fellesprogrammet, familiesamlingar, ord for dagen og aktivitetane for barna og ungdommane.

Leiren er samansett av eit variert programtilbod både innandørs og utandørs. Delar av programmet er inndelt etter aldersgrupper og interesser, men det er også rikeleg med fellesprogram for alle. Påskeleiren er ei gylden mogelegheit til å la familiene samlast om påskebodskapen i godt lag med andre familiar, få inspirasjon og påfyll, byggje fellesskap og knytte vennskap på tvers av geografisk tilhørsle. Vi ønskjer at leiren skal opplevast som ei god og meiningsfylt feiring av påskehøgtida, gi rom for både refleksjon, kreativitet og avslapping.

Dagane startar med frukost og deretter felles familiesamling med påfyll og inspirasjon. Medan dei vaksne fekk dagens «input-samling» med Bibeltime leia av Trond Trætteberg Serkland, kunne barna kose seg på «fabrikkar» (tematisk hobbyverkstad med ulike workshops) leia av ungdomsleiarane. Ungdommane hadde eigen bibeltime og engasjerande temakveldar. Deretter er det nokre timar med valfritt program. Dei aller fleste nyttar dette høvet til å dra på tur, gjerne på skitur så framt det er nok snø til dette. Ofte reiser fleire familiar samla slik at det er sosialt både for barne og dei vaksne. På kveldstid er det lett underhaldning med temasamlingar, aktivitetsgrupper for barna og eigen ungdomsleir for ungdommane. Tradisjonen tru så vart det gjennomført «Brak-OL» på påskeaftan; dette er ein olympiade med ei godt utval av postar med varierte oppgåver som skal løysast – og laga konkurrerer mot einannan, men alle er vinnrarar. Olympiadens vert avslutta med bål og pølsegrilling. På påskeaftan er det også alltid festkveld med

festmiddag og underhaldning, med eige kveldsprogram for barna og ungdommane. Leiren vart avslutta på gildt vis med festgudsteneste i Ulvik kyrkje 1. påskedag.

Kretsstyret i KFUK-KFUM Bjørgvin krets har det overordna ansvaret for at leiren vert gjennomført, og det vert danna ein eigen påskeleirkomité beståande av frivillige medarbeidarar som har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring. Dagleg leiar i Bergen KFUK-KFUM Ynglingen bidrar med administrativ hjelp, særleg med tanke på økonomioppfølging og rekneskapsføring. Dagleg leiar og programmedarbeidar i KFUK-KFUM Bjørgvin kretsdeltok aktiv i programplanlegginga og førebuing av ungdomsleiren. Programmedarbeidar og våre to tyske EVS-volontørar deltok også på leiren, med hovudansvar for å koordinere aktivistgruppene for barna og ungdomsleiren i leiren.

I KFUK-KFUM vektlegg vi ungt ansvar – vaksen nærvær. Ungdommane som deltek på påskeleiren er også med som medarbeidarar og fr ulike leiaroppgåver på leiren, mellom anna så var dei måltidsvertar og var med på å gjennomføre aktivitetsgruppene for dei yngre barna på kveldstid. Ungdommane deltok også i planlegginga av postløypa på Brak-OL. På denne måten får ungdom og unge vaksne høve til å vekse og utvikle seg, dei får ansvar og tiltru, men innafor trygge rammer der dei får opplæring og erfaringar som er viktige og nyttige å ta med seg vidare i livet.

Avvik:

Vi søkte om støtte til dette arrangementet innan søknadsfristen som var 1.mars 2017. Arrangementet vart gjennomført i den perioden då søknaden vår var til handsaming hjå Fylkeskommunen, og vi fekk innvilga støtte ved tildeling i juni 2017. Dermed har vi ikkje reklamert i informasjonsmateriell og informasjon på heimesida vår, facebookside m.m. om at arrangementet er støtta av Kultur Amatør tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Vi fann det unaturleg å informere om at det var søkt om tilskot frå Fylkeskommunen utan å vite om søkeren ville verte innvilga. I årsmeldinga for 2017 vil det verte informert om Kultur Amatør tilskot frå Hordaland Fylkeskommune.

Vi veit også at vi sender inn rapporten noko seint, dette har med at prosjektrekneskapet ikkje har vore klart før no, og ønskete å sende inn ein fullstendig rekneskapsrapport med reelle tal framfor eit estimat.

Vi håper at desse avvika ikkje vil telje negativt for oss ved eventuelle framtidige søker, då tilsgnsbrev frå Fylkeskommunen kom i sommar og utbetaling av tilskotet skjedde i september.

Prosjektrekneskap:

Inntekter		
	Deltageravgift	178 670
	Tilskudd HFK Kultur Amatør	5 000
	Sum inntekter	183 670
Utgifter		
	Hotell	175 475
	Transport	145
	Teknikk	9 807
	Program	7 512
	Andre utgifter	825
	Sum utgifter	193 764
<i>Resultat (underskudd)</i>		<i>-10 094</i>

Kommentar til prosjektrekneskap:

Lønskostandar som er lagt inn i budsjettet er kostandar knytt til programarbeidar for barn og tweens og dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementet i samarbeid med frivillige medarbeidrarar. Lønskostnadane med tanke på kor mykje arrangementet kan bidra til dekking av kretsen sine lønskostnadar, og ikkje ein reell sum for kor mykje tid dei tilsette faktisk brukar på arrangementet i form av planlegging, gjennomføring og etterarbeid – det er eit mykje høgare tal enn kva som er budsjettert med og rekneskapsført. Likevel, så ønskjer ein å synleggjere i våre prosjektbudsjett og prosjektrekneskap at aktivitetane våre må vere med på å finansiere lønskostnadane som kretsen har. Då dette arrangementet har gått med underskot har vi ikkje rekneskapsført lønskostnadar inn på prosjektet, slik som budsjettert.